

## Prosjekt

# Sjøparken i Lindåsosane

## Bakgrunn

I juni 2014 opna Sjøparken i Lindåsosane i samband med arrangementet «Verdas lengste sjømatbord 2014» på Lindås. Sjøparken vart i fjor etablert med seks verk av ulike kunstnarar, både lokale og nasjonale. Alle verka har lokalt tema eller tema knytt til kystkultur. Dei er montert på skjær, bergvegg, nes og naust i Lindåsosane, og er berre tilgjengeleg frå båt. Verka i Sjøparken står permanent og utstillinga skal utvidast med eitt verk årleg. Den skriftlege utstillingsguiden, som også inkluderer kart, er tilgjengeleg hos alle reiselivsaktørane og i Galleri Gamle Tinghuset på Lindås.

Det har vore udelt positive tilbakemeldingar på etablering av denne attraksjonen, og har for mange på Lindås blitt ein viktig aktivitet. Både born og vaksne er opptatt av å finne fram til verka og nyttar attraksjonen nærast som ei skattejakt. Tilreisande som kjem med båt gjennom slusene, opplever det som spennande og fascinerande å møte på verka i leia innover til Lindåsbygda og Vågseidet. Det gjev ein ekstra dimensjon til den flotte naturen. I fleire tilfelle har denne «tilfeldige» opplevinga blitt tatt med vidare og publisert i media. Bergens Tidende har publisert bilete frå Sjøparken i fleire utgåver, baatsans.no har hatt reportasje, det har vore gate i kryssordet i Bergens Tidende, og lokalavisene Nordhordland og Strilen har omtala utstillinga ved fleire høve.

I samband med arrangementet «Verdas lengste sjømatbord» vart det sett opp skyssbåt som tok folk ut til dei seks verka og slusene både laurdagen og sundagen under arrangementet.

Det er laga brosjyre for Sjøparken som er tilgjengeleg i Lindåsområdet, samt at utstillinga er presentert på nettsidene [www.lindasbygda.no](http://www.lindasbygda.no) og [www.sjomatbordet.no](http://www.sjomatbordet.no).



”Fiskarkåno”. Stort glasbilete i gamal vindaugsråme montert på skjær. Turid Grov



”Fruen frå havet”. Kvinneskulptur av skrot. Elisabeth Tonheim m. studentar



”Sildestim” i kopar og emaje. Plassert på nes. Solveig Haukaas



”Roaren”. Måleri på naust med utgangspunkt i diktet ”Den einsame roaren”. Giuseppe Miconi



Til venstre: ”Fiskarbonden”. Gardsbruk med naust i miniatyr, plassert på holme. Forhold 1:10. Elisabeth Tonheim

Til høgre: ”Utsikt - Kommer ikkje far?”. Måleri på bergvegg. Bente B.Kampevold



## Mål

### Hovudmål:

- ◆ Å gje sjøfarande ei spennande oppleving i naturen i Lindåsosane
- ◆ Å styrke Lindåsslusene som reisemål og oppleving
- ◆ Å auke næringsgrunnlaget blant reiseliv og kulturaktørar i Lindåsbygda og regionen

### Tiltak 2015

- ◆ Utvide Sjøparken med eitt verk som er klart til arrangementet «Verdas lengste sjømatbord 2015»
- ◆ Plan for og utvikling av marknadsføring

## Aktivitet

Samlege av dei seks verka som vart montert i 2014 står framleis, sjølv om nokre har fått sine merker. «Fiskarkåno» har skothol i andletet, ei sak som vart politianmeld. «Fruen frå havet» miste skjørtet under stormen «Dagmar», men har blitt anstendig att med nytt skjørt. Og naustet i «Fiskarbonden» rak til havs og stranda på ein naboholme under ei av sprengfloene i vinter. Dette vert ein del av historiene til verka, og er ein del av tilsynet med Sjøparken.

I 2015 vil vi ha større fokus på marknadsføring av Sjøparken som ein attraksjon i Nordhordland. Eit viktig arbeid vil vere å bevisstgjere bygda sine egne reiselivsaktørar om denne opplevinga, slik at dei aktivt nyttar den som attraksjon for å trekke til seg gjestar. I tillegg skal brosjyra trykkast opp i større tal og spreiest i reiselivs- og båtmiljø langs Vestlandskysten. Vi vil også jobbe for å synleggjere opplevinga ved for eksempel å få med TV i samband med montering av årets verk, eller i ein eigen reportasje om Sjøparken og Slusene.

### Vinter/vår 2015

- ◆ Innhente og avklare årets kunstnar
- ◆ Synfaring og avklaring med grunneigar om lov til montering
- ◆ Skaffe finansiering

### Vår/sommar 2015

- ◆ Montere årets verk i starten av juni
- ◆ Oppdatere og trykke Utstillingsguide 2015
- ◆ Marknadsføring

## Organisering

Nordhordland Næringshage står som prosjekteigar av Sjøparken. Elisabeth Tonheim i Heilt Originalt! er prosjekt-leiar og har med seg bidragsytarar frå i fjor i prosjektgruppa. Dette er Solveig Haukaas, Turid Grov og Bente Brekke Kampevold. Prosjektgruppa knyt til seg ressursar etter behov.

## Budsjett og finansiering 2015

Budsjett	Sum	Finansiering	Sum
1 kunstverk	15000	Kulturmidlar Lindås Kommune	5000
Montering	2000	Regionrådet Nordhordland	5000
Leiging/organisering/tilsyn	5000	Anna finansiering/spons	20000
Utstillingsguide redigering/trykking	3000	Sal utstillingsguide	5000
Marknadsføring	15000	Eigeninnsats	5000
<b>Total</b>	<b>40000</b>	<b>Total</b>	<b>40000</b>